



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
16/2024	Formannskapet	14.03.2024
24/2024	Kommunestyret	23.05.2024

Områderegulering for Vågåmo for flomsikring mot Finna, Nugga og Otta - Innskrenking av planområdet


Vedlegg

1. Planprogram for områderegulering for Vågåmo, sak 68/2023, 26.10.2023.
2. Lenke NGI-rapport, som relevant bakgrunnsdokument for saka
- *NGI Fase 3-Rapport Vurdering av de mest relevante løysningene (NGI, 2022)*
<https://www.vaga.kommune.no/f/p1/i651633a1-890b-415a-afdc-9e7f7b0527af/fase-3-vurdering-av-de-mest-relevante-losningene.PDF>

Saksframlegg:

I samband med flomsikringsprosjekt for Vågåmo er Vågå kommune i ein prosess med utarbeiding av områdereguleringsplan for nødvendig planavklaring av sikringstiltak. Hovudformålet med planarbeidet er sikring av Vågåmo mot flom og flomskred. Det er også eit mål å innarbeide overordna føringar for sentrumsutvikling med utgangspunkt i Masterplan for Vågåmo.

Vågå kommunestyre behandla 22. juni 2023 (sak 43/2023) oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for områdereguleringsplanen. Plangrensa vart seinare utvida i vest av omsyn til planlagt trasé for flomtunnel. Vågå kommunestyre har med heimel i § 12-9 i plan- og bygningslova, jf. § 4-1, gjort vedtak om fastsetting av planprogram for områderegulering for Vågåmo, sak 68/2023 26.10.2023.



Figur 1: Planområdet er markert med svart stipla line som er plangrensa for igangsett planarbeid.

Det går fram av planprogrammet at det i samband med utarbeiding av tiltaksplan for flomsikring kan bli behov for justeringar i forhold tilrådingar som gjekk fram av moglegheitsstudien. Meir nøyaktige undersøkingar og utgreiingar kan gi ny kunnskap som kan få innverknad på val av løysingar, og med dette også påverke arealbruken.

Oppdatering av eldre plangrunnlag

Planområdet er stort og omfattar 27 eksisterande reguleringsplanar. Mange av desse planane er gamle. Ved all planutarbeiding må gjeldande regelverk og nye nasjonale føringar leggast til grunn. I arbeidet med områdereguleringsplanen må eldre plangrunnlag oppdaterast i samsvar med dagens regelverk.

Kommunen har som planstyresmakt eit ansvar for å vurdere arealbruken innafor planområdet ut frå krava i plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og anna lovverk som er aktuelt. Dette inneber at for område som ligg innafor områdeplangrensa må arealbruk som er planavklart i eldre reguleringsplanar, på nytt vurderast ut frå dagens kunnskapsgrunnlag og dagens regelverk.

Uttak av massar i Otta – vurdering i moglegheitsstudien

I moglegheitsstudien for heilskapleg sikring av Vågåmo, Fase 3-rapport "Vurdering av de mest relevante løysningene" (NGI, 2022) er det i kap 8 i rapporten gjort ei vurdering av mogleg uttak av masser som eit tiltak omtalt som *TO1 Masseuttak nedstrøms Finna og Nugga*. I vurderingane er det vist til Reguleringsplan for Otta, der det på vilkår som går fram av føresegnene, er opna for uttak av masser i eit definert område, jf. Figur 2 og 3 som viser utsnitt av plankartet og føresegner for området som er regulert til "spesialområde masseuttak".



Figur 2: Utsnitt av del plankart for Reguleringsplan for Otta. Området med raud farge er regulert til spesialområde masseuttak

SPESIALOMRÅDE MASSEUTTAK (SM)

1. Området er som vist på plankartet.
2. Masseuttak på tørrlagte og ubevokste elveøyrrar kan skje etter søknad til Vågå kommune. Søknaden skal vise på kart avgrensning av uttaksområde. Søknaden skal opplyse i "m³" kor stort uttak som er omsøkt. Uttak skal takast ut jamt over heile flata for det omsøkte område. Uttak under vassnivå er ikkje tillate.
3. Andre uttak krev konsesjon etter vassressurslov og løyve etter lakse- og innlandsfiskeleva.

Figur 3: Føresegner for område regulert til masseuttak i Reguleringsplan for Otta.

For områda i Ottaelva nedstrøms utløpa av Finna og Nugga, tilrår ikkje moglegheitsstudien tiltak utover overvaking av eventuell oppbygging av masser ved utløpet av Finna og Nugga. NGI sin konklusjon i moglegheitsstudien er at tiltaket "TO1 Masseuttak nedstrøms Finna og Nugga" har låg nytte-kost-verdi og at ev. uttak av masser i elva bør vurderast nærare i samråd med økologisk ekspertise. Moglegheitsstudien tilrår å ikkje etablere permanent masseuttak i området.

Rapporten konkluderer med at masseuttak er tiltak som ikkje hastar, med mindre situasjonen endrar seg drastisk, som t.d. ved ein storflom før anna sikring er gjennomført. Det er vist til at t.d. laserskanning kvart 2.- 4. år ved låg vassføring om våren kan gi oversikt over sedimentavsetningar over tid og at dette kan sjåast opp mot vassføringsmålingar.

Planprogrammet og utgreiingstema

Planprogrammet tek for seg kva tema som skal utgreiast i planarbeidet. NGI sin moglegheitsstudie var lagt til grunn ved utarbeiding av planprogrammet, og det er sett opp følgjande utgreiingsbehov for tema Naturmangfald og vassmiljø, kap. 4.1.1:

" I samband med prosjektering av sikringstiltak vil det vere behov for kartlegging av naturmangfald og ein eigen fiskebiologisk kartlegging. Moglege konsekvensar for vassfugl skal inngå i utgreiingane der trekk- og overvintringsområde kan bli råka. Fiskebiologisk kartlegging vil særleg vere viktig for Otta elv og området der Finna renn ut i Otta. Eventuelle avbøtande tiltak kan innarbeidast i plan i form av passande arealbruk og juridisk bindande føresegner.

Det må greiast ut vidare om massetransport over lang tid kan gi avlagringar i Otta elv og på sikt føre til oppstuving. Det må vurderast om dette i sin tur vil utløyse behov å ta ut massar i elveløpet.

Dersom det viser seg behov for å ta ut masser pga. avlagringar, må det utarbeidast ein detaljert plan for masseuttak i elva, m.a. med omsyn til avgrensing av uttaksområde og når på året dette kan gjerast og kor djupt ein kan grave. Dersom det ikkje er behov for uttak av massar m.o.t. flaumforhold, må det vurderast om uttak av massar skal vidareførast. Det må ut frå dette gjerast konkrete vurderingar og tilrådingar i forhold til dagens reguleringsplan for masseuttak i Ottaelva og dei rammer som er gjevne her. Det må utgreiast kva konsekvensar uttak av massar, dersom dette blir aktuelt, vil kunne ha for miljøverdiar, og vilkår for dette."

Dei utgreiingsbehov som er knytt til flomsikringstiltaka blir gjennomført av NVE som del av deira arbeid med, og ansvar for, tiltaksplan for flomsikringstiltak. Moglege konsekvensar av den arealbruk områdereguleringa opnar for og som ikkje er knytt til flomsikringstiltaka, er det Vågå kommune sitt ansvar å utgreie.

NVE har i all hovudsak gjennomført dei kartleggingar og undersøkingar i Finna og i Otta ved utløpet av Finna som dei vurderer relevante for flomsikringstiltaka og konsekvensutgreiing av desse. Det er ikkje gjennomført undersøkingar eller kartleggingar i Otta for områda nedstrøms utløpet av Nugga.

Det er NVE si vurdering at det ut frå eit flomsikringsperspektiv ikkje er behov å ta med store areal i områdereguleringsplanen i og langs Otta ned til Grønhølen som i dag er innlemma i planområdet.

NVE har gjort følgjande vurdering av områdeplanavgrensinga og forholdet til massehandtering og masseuttak i sikringsprosjektet for Vågåmo:

"Massehandtering i sikringstiltak er utfordrende. I sikringstiltak er det oftest behov for at sikringen kan svare ut konkrete sikkerhetskrav i byggeteknisk forskrift. Dette innebærer at det ikke er tillatt med organisatoriske tiltak for at sikringen skal virke etter hensikten. I tillegg er det krevende å kvantifisere massetransport i vassdrag. I vassdrag som Finna, med stor massetransport, er det derfor vanlig å legge inn faste masseuttaksområder som reguleres og som må tømmes etter regler fastsatt i reguleringsplan. Dette gjøres også i Finna.

Etter etablering av sikring vil potensiell massetransport ut i Otta fra Finna undere ekstreme flomhendelser avta betydelig. Under normale forhold er det forventet at masseavlagringen i Otta ikke vil forverres som følge av tiltakene.

Mulighetsstudien for helhetlig sikring av Vågåmo pekte på at det på sikt vil kunne avsettes masser i Otta som kan påvirke flomvannstanden i Finna. Anbefalingen var å overvåke og følge med på denne utviklingen over tid. Levetiden på sikringstiltak er ikke uendelig, og på samme måte som man må følge med på tilstanden på sikringstiltakene i Vågåmo, så må man også følge med på utviklingen av masseopplagring som kan påvirke Finna og ev. Nugga. Dette gjøres ved oppmåling av faste tverrsnitt. Det er naturlig at det vil skje endringer i opplagring over tid, men dette er naturlige og dynamiske prosesser som er viktige i levende vassdrag. Masser avlagres for så å fraktes videre i neste flom. Oppmåling i sammenlignbare tverrsnitt vil derfor være nødvendig for å følge med på avlagringer som faktisk har betydning for flomfaren. NVE anser dette som tilstrekkelig oppfølging av massetransport og – opplagring i forbindelse med sikringsprosjektet, fordi det pr. i dag ikke er behov for uttak av flomsikringsmessige årsaker i Otta. Eksisterende reguleringsplan for masseuttak er ikke dekkende for det arealet som ev. vil være aktuelt for masseuttak i framtiden, og planen har ikke tilfredsstillende dokumentasjon og planbestemmelser etter dagens regelverk. Det er derfor pr. i dag ikke behov i et flomsikringsperspektiv å ta med store arealer i områdereguleringsplanen i og langs Otta ned til Grønhølen."

Med bakgrunn dette må kommunen gjere ei vurdering av om avgrensinga av planområdet er formålstenleg sett opp mot formålet med planarbeidet.

Vurdering:

Ved varsling av planoppstart vart heile vassstrengen for Otta innlemma i planområdet heilt ned til Grønhølen og lutingsanlegget. Dette inneber at planområdet for områdereguleringsplanen omfattar heile den eksisterande Reguleringsplan for Otta.

Ved oppstart av større planarbeid som dette løner det seg generelt å sikre at planområdet ved oppstart er stort nok sidan det er mindre krevjande både prosessmessig og tidsmessig å redusere planområdet i løpet av planprosessen enn å gjere utvidingar. Sidan kompleksiteten i planprosessar gjerne aukar jo større planområdet er og dess fleire ulike tema og forhold som skal avklarast i prosessen, bør areal som ikkje er nødvendige ut frå formålet med planarbeidet takast ut.

Med tilvising til formålet med områdereguleringsplanen meiner settekommunedirektøren at det i prosessen har kome fram at det ikkje er behov for å ta med områda i Otta nedstrøms utløpet av Nugga. NVE legg til grunn at det pr. i dag ikkje er behov for å ta ut masser i Otta i flomsikrings-samanheng. Først etter overvaking av masseavsetning i Otta over lengre tid, som ved oppmåling av faste tverrsnitt i elveløpet, vil ein få nødvendig kunnskapsgrunnlag til å kunne vurdere om flomsikringstiltaka utløyser behov for uttak av massar her.


Med bakgrunn i dette meiner settekommunedirektøren at det ikkje er formålstenleg å inkludere Ottaelva nedstrøms Nugga sitt utløp i planområdet.

Dersom dette arealet blir teke ut av planområdet, vil ikkje den del av Reguleringsplan for Otta som omfattar område regulert til "Spesialområde masseuttak" vere innlemma i planarbeidet. Masseuttak innafør dette området kan berre skje i samsvar med den aktuelle reguleringsplanen og etter søknad til kommunen. Etter at denne reguleringsplanen vart vedteken, er det gjort artsregistreringar i delar av området. Ved behandling av enkeltsøknader om uttak av masser, pliktar kommunen å legge dagens kunnskap til grunn og gjere vurderingar m.a. etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Dersom heile Reguleringsplan for Otta er inkludert i områdeplanen slik plangrensa pr. i dag er trekt, må kommunen konsekvensutgreie arealbruken for heile området for masseuttak ut frå krava i plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og anna relevant lovverk. Dette inneber at kommunen må framskaffe tilfredsstillande kunnskap om naturverdiar i området ved å gjennomføre og koste nødvendige fysiske undersøkingar som m.a. fiskebiologiske kartleggingar.

Regulering av uttak av massar i vassdrag er erfaringsmessig konfliktfulle tiltak og kan råde interesser regionale instansar er sett til å ta i vare. Framdrift i planprosessar som skal avklare konfliktfull arealbruk vil vere mindre forutsigbar. I denne planprosessen er framdrift eit viktig forhold. Sidan NVE har gjeve klar attendemelding om at masseuttak i Otta nedstrøms utløpet av Nugga ikkje har relevans i forhold til flomsikringsprosjektet, tilrår settekommunedirektøren at dette området blir teke ut av områdeplanen.

Settekommunedirektøren tilrår at plangrensa blir justert som vist i kart under. Ny plangrense er vist med rødt stipla line i kartet under (figur 4).



Figur 4: Forslag til redusert planområde. Ny plangrense er vist med raud stipla line. Opphavleg plangrense ved oppstart er vist med svart stipla line. Forslag til ny planavgrensing inneber at området nedstrøms utløpet av Nugga blir teke ut.

Grunngjevinga for å innskrenke planområdet kan oppsummerast ved følgjande omsyn:

- **Framdrift og føreseielegheit:**

Det er krav om stram framdrift i planprosessen. Planavklaring av masseuttak i Otta utan at det ligg føre eit klart fagleg behov for dette, vil komplisere planarbeidet. Ut frå krav til utgreiingar og mogleg konfliktpotensial knytt til arealbruken, kan ein risikere at det seinkar og kompliserer planprosessen. Det er viktig å legge til rette for ein mest mogleg føreseieleg planprosess m.o.t. framdrift for ikkje å seinke flomsikringsarbeidet. Området nedstrøms utløpet av Nugga takast ut sidan det av NVE ikkje er vurdert som relevant for flomsikringsprosjektet.

- **Kostnader og samfunnsnytte:**

Det vil vere Vågå kommune som forslagsstillar av områdeplanen som må stå for og koste eit kartleggings- og utgreiingsarbeid knytt til masseuttak i Otta sidan NVE er klare på at det ikkje er relevant for flomsikringsprosjektet. Formålet med områdeplanarbeidet er flomsikring og ut frå dette må samfunnsnytte ved å ta med området vurderast som liten. Vågå kommune er inne i ein omstillingsperiode m.o.t. kommuneøkonomi og det er viktig å halde nede kostnadene også i dette prosjektet. For dei grunneigarar som har areal i Otta, vil moglegheit for uttak av masser ha ein nytteverdi. Vågå kommune må ved behandling av enkeltsøknader om uttak av masser innafør gjeldande reguleringsplan for Otta ta omsyn til dagens kunnskap om naturverdiar i området. Uttak av masser som ikkje er knytt til flomsikring og ein ev. planrevisjon av gjeldande Reguleringsplan for Otta vil vere eit planarbeid det er naturleg at private grunneigarar står for.

Dersom det ved overvaking av masseavlagring i Otta over år viser seg at det blir eit behov for å ta ut masser i Otta av omsyn til flomsikring, må det gjerast ei ny vurdering av ev. behov for planavklaring av masseuttak i Otta.

Behov for utgreiingar jf. fastsett planprogram vil bli justert som følgje av at planområdet blir redusert.

Settekommunedirektøren si innstilling:

Planområdet for områdereguleringsplanen som det med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8 og 12-9 jf. § 4-1 er varslet oppstart av planarbeid for, blir redusert i samsvar med kart vist i figur 4 i saksframlegget der ny plangrense er vist med raud stipla line.

Grunngjevinga for å innskrenke planområdet ved å ta ut areal i Ottaelva nedstrøms utløpet av Nugga er at dette arealet ikkje er nødvendig ut frå flomsikring, som er formålet med planarbeidet. Ved å redusere planområdet reduserer ein kompleksitet og utgreiingskostnader og legg til rette for ein mest mogleg føreseieleg planprosess med nødvendig framdrift for planavklaring av dei flomsikringstiltak NVE planlegg for.

Dersom det gjennom NVE sitt vidare utgreiingsarbeid for flomsikringstiltak oppstår behov for å gjere mindre justeringar av plangrensa, får kommunedirektøren mynde til å gjere dette. Dette av omsyn til tidsbruk i planprosessen.

Formannskapet si behandling av sak 16/2024 i møte den 14.03.2024:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Planområdet for områdereguleringsplanen som det med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8 og 12-9 jf. § 4-1 er varslet oppstart av planarbeid for, blir redusert i samsvar med kart vist i figur 4 i saksframlegget der ny plangrense er vist med raud stipla line.

Grunngjevinga for å innskrenke planområdet ved å ta ut areal i Ottaelva nedstrøms utløpet av Nugga er at dette arealet ikkje er nødvendig ut frå flomsikring, som er formålet med planarbeidet. Ved å redusere planområdet reduserer ein kompleksitet og utgreiingskostnader og legg til rette for ein mest mogleg føreseieleg planprosess med nødvendig framdrift for planavklaring av dei flomsikringstiltak NVE planlegg for.

Dersom det gjennom NVE sitt vidare utgreiingsarbeid for flomsikringstiltak oppstår behov for å gjere mindre justeringar av plangrensa, får kommunedirektøren mynde til å gjere dette. Dette av omsyn til tidsbruk i planprosessen.

Kommunestyret si behandling av sak 24/2024 i møte den 23.05.2024:

Behandling

Samrøystes

Det var 16 røysteberettiga under behandlinga av denne saka.

Vedtak

Planområdet for områdereguleringsplanen som det med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8 og 12-9 jf. § 4-1 er varslet oppstart av planarbeid for, blir redusert i samsvar med kart vist i figur 4 i saksframlegget der ny plangrense er vist med raud stipla line.

Grunngjevinga for å innskrenke planområdet ved å ta ut areal i Ottaelva nedstrøms utløpet av Nugga er at dette arealet ikkje er nødvendig ut frå flomsikring, som er formålet med planarbeidet. Ved å redusere planområdet reduserer ein kompleksitet og utgreiingskostnader og legg til rette for ein mest mogleg føreseieleg planprosess med nødvendig framdrift for planavklaring av dei flomsikringstiltak NVE planlegg for.

Dersom det gjennom NVE sitt vidare utgreiingsarbeid for flomsikringstiltak oppstår behov for å gjere mindre justeringar av plangrensa, får kommunedirektøren mynde til å gjere dette. Dette av omsyn til tidsbruk i planprosessen.